

24.01.2011

Ikkje landstendensen som avgjer valet her



Ordførarkandidat Kjell Yri og leiar Kristian Olav Bringedal frontar deltakarane i års- og nominasjonsmøtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under nominasjonsmøtet til Kvinnherad Venstre på AFA
i kveld var det full oppslutnad om forslaget frå nominasjonskomiteen.**

**Ordførarkandidaten, uskedelingen Kjell Yri uttala at partiet har alle kort
på handa og åtvara mot å la folk innbilla seg at det er det nasjonale
nivået som gjeld for partiet også på våre kantar.
Yri såg fram til eit godt lagspel-**

Som komiteen gjekk nominasjonsmøtet inn for å
gje dei 3 første røystetillegg..
I tillegg til Yri er det Resy Aak Toresen og Håvard Bakke.
Yri stilte i samband med dette nokre spørsmål og
leiar Gunnar Røssland opplyste at det ikkje hadde
vore nokon debatt om saka i komiteen. Det var heller
ingen i nominasjonsmøtet som røysta i mot å utheva 3.

Røssland sa seg nøgd med lista som har 30 namn og
innehold like mange kvinner som menn. Men han konstaterte at
det ikkje hadde lukkast å henta inn nokon frå innvandrarmiljøet
og at Halsnøy, Varaldsøy, Ølve og Hatlestrand ikkje er representert.
Leiar av partiet Kristian Olav Bringedal sa at lista er god og at
den geografiske spreiing også er god med dei unnatak som
Røssland peika på.

Det vart gjort berre ei endring i forslaget ved at Bringedal på femteplassen
bytte plass med Helga Rørvik som var ført opp som nummer 11.
Men det er framleis 7 frå uskedalen på lista.

Det vart også halde årsmøte, som attvalde Bringedal men valde
Kjell Yri og Kristin Tufta Kirknes som nye medlemer. Dei andre i

styret er Resy Aas Toresen og Tove Røssland Ertsland.
Årsmeldinga retta sterk kritikk mot utfallet av skulestruktursaka,
som var karakterisert som eit solid mageplask og eit vonbrot for
Venstre.

- Vi trudde tida var moden for å ha visjonar om å få ein fagleg betre skule
der ein utnytta økonomiske og menneskelege ressursar på
ein optimal og rettferdig måte, ein skule som var robust nok
til å møte ei framtid med stadig større kamp om midlar og gode
lærekrefter, heitte det i årsmeldinga.
Partiet erklærte at det ikkje har
skifta meining og at saka vil kome opp pånytt, om ikkje i neste
valperiode så på eit seinare tidspunkt.

Av Ola Matti Mathisen